

# Kvinnheradruta var viktig for Uskedalen

Tekst: Harald Sætre

## Uskedalen fekk tidleg rutebåtstopp

Då dei første rutebåtane kom i fart på Hardangerfjorden, fekk dei og stopp i Uskedalen. Dette skjedde etter initiativ frå handelsmannen Jens Arnesen i Beinavikjo. Dei første åra var det ikkje kai, så båtane vart ekspederte med småbåt på fjorden. Men alt i 1870-åra fekk han bygd ei trebrygge der båtane kunne leggja til. Då Hardanger Sunnhordlandske Dampskipsselskap vart oppretta i 1880, vart Arnesen ekspeditør for selskapet.

## Konkurranse med Lønningdalsbåtane

På Myklebust, ved Sandakaien, var det rutebåtstopp for Lønningdalsbåtane. Handelsmann Mandius Myklebust var ekspeditør. Men kaien var i heller dårlig stand. Då han fekk tilbod frå HSD om å bli ekspeditør for båtane deira, så skulle HSD utvida og setja i stand kaien hans. Men då måtte han sei opp avtalen med Lønningdalsbåtane. Mandius Myklebust inngjekk avtale med HSD, og frå 1934 vart han ekspeditør for HSD. Lønningdalsbåtane inngjekk avtale med Thor Myklebust, som bygd ny kai for dei mot at han fekk ekspedisjonen av båtane.

Det var rutebåtane til og frå Stavanger eller Bergen som hadde stopp. På det meste kunne bygda ha båtstopp fleire gonger for dagen. Så seint som i 1957 hadde Uskedalen 16 båtstopp for veka. På 1950- og 60 talet var det for det meste MS Ullensvang, MS Ulvik og MS Hordaland som gjekk i langrutene og MS Kvinnherad (seld i 1957) i Kvinnheradruta.

## MS Halsnøy var ein populær båt

Men det er kanskje ein båt mange frå Uskedalen huska spesielt godt; MS Halsnøy som vart sett inn i Kvinnheradruta tidleg på 1960-talet. Dette var ei lokalrute for Kvinnherad og delar av Tysnes, og ein rask og grei reiseveg når ein skulle til og frå Bergen. Med buss frå Osøyro var ein raskt framme i Bergen. For bygdene i Mauranger var Kvinnheradruta livsnerva. Dei fleste vekedagane gjekk båten like til Nordrepollen. Då veggen til Mauranger var ferdig utbygd i 1969, sluttar ruta av i Rosendal og hadde berre eit par turar for veka til Mauranger med last. I 1978 vart ruta igjen korta inn, og gjekk no berre mellom Herøysund og Os som rein passasjerbåt.

Fram til 1978 hadde ruta stopp i Uskedalen, her skifte ein mellom Sandakaien og Beinavikjo. Spesielt i helgane var det mange reisande til og frå Uskedalen. I mange år var det fast stopp ved Sandakaien kl. 17.20 på søndagar, før MS Halsnøy drog vidare til neste stopp. Kl. 20.10 la båten til ved Oskaien der det var overgang til bybussen.

## Arbeidsplass for uskedelingar

I tillegg til å vera ei populær passasjerrute, var ruta og viktig for frakt av gods, spesielt for dei veglause bygdene. Men også for Uskedalen var Kvinnheradruta viktig. Før meieriet på Seimsfoss vart opna, vart mjølkespanna sende til Bergen, og seinare også slakt frå slakteriet på Myklebust.

Det er mange frå Uskedalen som har hatt sitt arbeid om bord i HSD sine båtar og ferjer. Også om bord i MS Halsnøy i Kvinnheradruta var det fleire uskedelingar. Her kan nemnast Andreas

Galtung Gausvik, Johannes Sunde og Trygve Bakke på brua, Jan Henrik Hansen i maskinen og Olav Hauge i restaurasjonen.

MS Halsnøy eksisterer framleis. I 1981 vart båten sold til Stavanger. I 1988 gjekk ferda vidare til Danmark, og gamle MS Halsnøy no går som turist- og restaurantbåten «Sagafjord» på Roskildefjorden. Den er mykje ombygd og er vanskeleg å kjenna att.

Kjelder:

HSD-Posten

Samson Bjørke: Lønningdal Folket og Båtane 1984

Eigne notat